

Gullingen Utviklingselskap AS

Illustrasjonsplan for masseuttak Plan ID 201702, Åsliane

Oppdragsnr.: 5173420 Dokumentnr.: 004 Versjon: 1
2018-10-18

Oppdragsgjevar: Gullingen Utviklingsselskap AS
Oppdragsgjevars kontaktperson: Henrik Halsne
Rådgjevar: Norconsult AS, Lagarhusvegen 5, NO-4230 Sand
Oppdragsleiar: Arne Espeland
Fagansvarleg: Peter Sonnenberg
Andre nøkkelpersonar:

1	2018-10-18	Illustrasjonsplan	ArEsp	AnMyh	ArEsp
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidet	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Samandrag

1.1 Geologisk vurdering masseuttak

Det vart utført ei synfaring 7. november 2017 av ingeniørgeolog Reidar Blesvik frå Norconsult AS i området der det er planlagt massetak. I følge NGU sitt berggrunnkart (Kartblad Sauda 1:250.000) ligg området nær bergartsgrensa mellom fylitt og grunnfjellsbergarter som gneis og granitt.

Terrenget er for det meste dekket av torv og lausmasser, og det er få lokalitetar der berggrunnen er synleg.

Basert på ei visuell vurdering av 3-4 bergblottingar innanfor og i umiddelbar nærleik av planlagt masseuttaksområde, vurderast bergarten å vere ein del av grunnfjellsmassivet som består av granittiske bergarter.

Det presiserast at undersøkinga er basert på ei enkel overflatekartlegging og ei visuell vurdering av relativt få bergblottingar. Det er ikkje teke ytterlegare klassifisering av bergartstype eller testing av mekaniske eigenskapar.



Fig 1 Topografi i området som er sett av til masseuttak. Kartutsnitt viser kameraposisjon. (Foto AE)

1.2 Grunn til etablering av steinbrot

I byggeområda er det trong for utskifting av om lag 26.000 m³ massar i veg og tomteareal før områda kan bebyggast. Desse massane er tilgjengelege i til dømes i uttaket til Norsk Sein på Berakvam, men det vil ikkje vere økonomisk bærande eller miljømessig forsvarleg med omsyn til transport derifrå. Det er 45 km til Berakvam frå byggeområdet. I tillegg kjem det ein høgdeforskjell på 600 meter. Det finns ikkje naturleg tilgjengelege lausmassar i Mosvatn-området, og utbyggjar vi difor gjere eit kortvarig inngrep i terrenget innan planområdet. Etter tilbakeføring og utskifting av massane, skal terrenget arronderast og gjevast ein topografisk form tilsvarande terrenget omkring.

1.3 Uttak, lagringsplass og anleggsveg:

Ved å etablere anleggsvegar i same trase som framtidig køyreveg, blir belastninga på eksisterande vegnett svært avgrensa. Samtidig vil bevaring av eksisterande vegetasjonsskjerm i område GV skjerma for det visuelle innsynet til uttaket. Det blir ei utfordring med plassering av massar som må skiftast ut og mellombels lagring blir nødvendig.

Utsiftinga av massar vil truleg først skje i veglinjene og deretter i tomtene. I Åsliadn vil det bli vurdert å bruke gravemassar til etablering av ein om lag ein meter høg voll som skjerming mot Blåsjøvegen.




Fig 2 Illustrasjon masseuttak som viser interimsvog lagringsplassar og steinbrottsområde.

Planlagt brotgrense er illustrert på skisse fig. 2. Uttaksområdet er valt for å avgrensa grad av innsyn. Både i fjernverknad og nærverknad ligg brotet og brotområdet eksponert mot søraust. Spesielt området Øykjahålo vil bli utsett. Åsstølen, Hovestølen, Stavastølen og Nyastølsområda ligg skjerma for innsyn til steinbrotet.

Det blir lagt opp til interimsløysingar med omsyn til anleggsvegar i uttaksområdet. Her skal det også setjast av areal til mellomlagring av avdekkings- og gravemassar som etter endt steinproduksjon skal nyttast til attfylling av krateret. Heile området skal til slutt gjevast ei terrengform som samsvarar med topografien på staden og leggest til rette med toppmassar for naturleg reetablering av vegetasjonsdekket.

Steinbrotet blir planlagt opna frå søraust med inngang på kote 598. Det skal takast ut nødvendig mengde stein til opparbeiding og byggemodning i planområdet.

1.4 Driftstid:

Det skal leggjast opp til etappevis byggjemodning i planområdet med klargjering av heile byggjefelt. Framdrifta i steinproduksjonen vil såleis i stor grad bli styrt av etterspurnad, men det blir lagt til grunn at steinbrottsdrift og landskapsarbeid kan vera avslutta og ferdigstilt innan år 5 etter at bygginga av fritidsbustader har teke til.

Drifta av steinbrotet må bli sesongbetont. All steinproduksjon vil derfor skje mellom 1. mai og 1. desember. Nattarbeid skal ikkje tillatast. Driftstid skal vere mellom klokka 0700 og kl. 1900 frå måndag til fredag og full stans på alle helge- og høgtidsdagar, samt juli månad. Det kan bli aktuelt med drift av knuseverk i korte periodar.

Avrenning av overflatevatn blir leia ut mot opninga i uttaket. Her skal det etablerast eit sandfang før vatn renn ut i terreng for filtrering i mosedekket.

1.5 Tilbakeføring:

Massar som vert byta ut i tomter og veg vert fylt tilbake i uttaksområdet. Og om nødvendig planta til med stadeigna planter. Tidlegare inngrep langs eksisterande veg viser at tilplanting ordnar seg sjølv. Anleggsveg ned til start av uttaket er tenkt smalna inn og omgjort til sti/gangveg mellom Blåsjøvegen og skiløype/gangveg BST, jf. illustrasjon i fig 4.




Fig 3 Illustrasjonane viser snitt AA og BB jf. fig 2. Dagens terreng, nivå for uttak og attfylling er illustrert.




Fig 4 Illustrasjonen viser areal for aktivitetsplass, rasteplass og tilkomstveg.

Arealet ved opning av uttaket vert etablert som rasteplass, medan noko høgare opp vert det etablert aktivitetsplass for leik og felles samvær for bebuarane i området. Begge områda ligg nær inn til skiløype/gangveg BST og gir sikker tilkomst via sti frå alle hytteområda.




Fig 5 Illustrasjonen viser 3D utsnitt frå kommunekart.no og angir plasseringen av masseuttaket i området. Raud pil angir opning av uttaket, grøn frihandslinje angir vegetasjonsskjerminga.